



Ragnhild Bakke Waale  
NORSK START 8-10

# PÅSKE

I NOREG

# PÅSKE

*påskeferie* påskeegg  
påskeliljer påsketrafiikk  
*påskeyyllingar* påskeveka  
*påsketur* påskepynt påskequiz  
påskesnøtter påskedigudsteneste  
påskedøgn påskeutstilling påskedans  
*påskekrim* påsketid  
påskedag

## Når er påska?

Datoane for når påska er, varierer frå år til år. Det er fordi tidspunktet for påska blir bestemt av månekalenderen, og han har kortare månader enn den kalenderen vi bruker elles. Første påskedag er alltid første søndag etter første fullmåne etter vårjamdøgn. Vårjamdøgn er når natt og dag er like lange om våren, 20. eller 21. mars.

I år er palmesøndag 25. mars, og 1. påskedag er søndag 1. april. For skulane startar påskeferien laurdag 24. mars og varer til og med måndag 2. april.



Det som veks på kvistane til seljetre om våren, blir kalla gåsungar. Til påske er det vanleg å pynte med slike kvistar heime, ofte saman med påskeliljer som du ser på side 1.



*Fastelavnsris* er bjørkekvistar med fjør i forskjellige fargar.

Å *pynte* er å gjere det pent.

*Fruktbar* er det som gir liv og vekst.



## Påskepynt

Til påske pyntar vi med gule kyllingar og måla egg. Dette fortel om nytt liv, og er frå gammalt av symbol på fruktbarheit. Gult er ein farge for lys, varme og glede. Påskehøgtida er alltid om våren. Derfor pyntar vi også med vårblomar, fastelavnsris, gåsungar og påskeliljer. Grønt er fargen for vekst og håp. På same måte som naturen vaknar til nytt liv om våren, feirar kyrkja at Jesus stod opp frå døden første påskedag. Dette blir kalla oppstandelsen og viser at noko nytt begynte.

## Påsketur

I Noreg har skulane ferie i påskeveka. Dei fleste feirar påske heime, men mange dreg på turar i høgtida. Nokre dreg til hytta på fjellet og går på ski, andre dreg til varmare land eller til hytta ved kysten. Nokre stader er det påskekonserter, og nokre byar har



kunstutstillinger i påska. Påskekrim er viktig for mange. Det er enten krimbøker som mange liker å lese i påskeferien, eller dei ser på påskekrim på tv. Det blir også laga program med konkurransar som blir kalla påskesnøtter eller påskequiz på radio og i tv.

## Den jødiske bakgrunnen for påska

Ordet påske betyr å gå forbi. Eitt av dei engelske orda for påske er passover. Påske har utgangspunkt i jødedommen og er den viktigaste jødiske høgtida. Det er ein minnefest om at Gud lét israelittane reise ut frå Egypt og busette seg i Kanaan. Det gamle testamentet i Bibelen fortel at folket kom til Egypt fordi det var lite mat i Kanaan der dei budde. Dei kom som gjester til Egypt, men blei etter kvart mange og blei gjort til slavar. Natta før dei drog tilbake til Kanaan, herja ein dødsengel i Egypt. Engelen gjekk forbi husa til israelittane. Det var fordi dei hadde gjort som Gud bad dei om, og stroke blod frå eit lam på dørstolpane.

*Krim* er brukt som ei forkorting for krimfilmar, krimseriar eller krimforteljingar. Det er filmar, tv-seriar og forteljingar som handlar om kriminalitet, og som er veldig spennande.

*Kanaan* er eit gammalt namn på eit område i Midtausten.

*Ein slave* er en person som er ufri og må jobbe hardt for ein annan, som om slaven er hans eignedom.

*Stroke* er presens perfektum av verbet å stryke som betyr å smørje eller gni.



Utvandringa frå Egypt.

Mange barn synest det er morosamt å kle seg ut til karnevalsfest.



Fastelavnsbollar.



## Karneval og faste

Før påske er det 40 dagar med førebuing. Dette blir kalla fastetida. Faste betyr å ikkje ete mat eller å ete lite mat. Nokon fastar også ved å la vere å ete kjøt.

Før faste er det ei tre dagars festtid, karnevalstida. Karneval betyr farvel til kjøt, og er dagar for å ete godt før den magre fastetida. Mange kler seg ut, det er tid for fest og glede med god mat og mykje mat. Karnevalstida består av fastelavnssøndag, blåmandag og feitetytdag.

På fastelavnssøndag er det mange familiar som et fastelavnsbollar. Det er bollar med krem. Mange pyntar med fastelavnsris, som er kvistar med fargerike fjør. Slike kvistar symboliserer fruktbarheit. På feitetytdag var det ein gammal norsk tradisjon å ete sju gonger i kvart hjørne av huset. Det var viktig å ete mykje, for dagen etter var det oskeonsdag, og då begynte fasta.

Fastetida er frå gammalt av ei alvorleg tid der folk levde stille og enkelt og ikkje hadde festar eller åt mykje mat. Folk førebudde seg til den store påskehøgtida. Det var tid for ettertanke og bønn. Kirkens Nødhjelp samlar kvart år inn pengar i fastetida til menneske som har det vanskeleg.

## Den stille veka

Den stille veka er namnet på veka frå palmesøndag til påskedag. Veka blir kalla stille fordi i tidlegare tider skulle alle lydar vere dempa desse dagane. Kyrkjeklokkene skulle vere tause eller berre bli slått på med trekubbar. Denne veka er også kalla den store veka eller den heilage veka. Det er fordi påske blir rekna som den viktigaste høgtida i kristendommen. Dei fire evangelia i Det nye testamentet i Bibelen fortel om det som skjedde i dagane i den heilage veka.

*Dempa* betyr å ikkje lage lyd eller lage svak lyd.



Ishavskatedralen i Tromsø.

## PALMESØNDAG

Den første dagen i den stille veka blir kalla palmesøndag. Då rei Jesus inn i Jerusalem på eit esel. Det var mange menneske i byen, fordi dei feira den jødiske påskefesten. Folket tok imot Jesus som ein konge. Dei tok av seg nokre klesplagg og la dei på vegen der han rei. Dei vifta med palmegreiner og ropte hosianna. Det var måten jødane viste glede og begeistring på.



## SKJÆRTORS DAG

Torsdagen i den stille veka blir kalla skjærtorsdag og er ein heilagdag i Noreg. Jesus samla dei 12 disiplane sine for å ete det siste måltidet med dei. Etter at dei hadde ete, tok Jesus brød og vin, takka Gud for det, velsigna det og gav det til disiplane. På denne måten stifta han nattverda. Nattverda betyr eigentleg eit måltid om kvelden. Nattverd er vanleg i gudstenestene i kyrkjene på søndagar. Nattverd gir tilgiving og kraft til å leve som kristen. Ordet skjær kan bety rein, og viser blant anna til at nattverda reinsar menneske for synd. I kyrkja er det også alltid nattverd under gudstenesta skjærtorsdag.

*Stifte* betyr å grunnleggje, opprette, skipe.



Frå eit nattverdsbord i kyrkja i dag.





Etter nattverda gjekk Jesus ut i natta for å be. Han visste han kom til å døy og var redd. Ein engel kom og trøysta han. Jesus hadde teke med seg nokre av disiplane. Men dei skjønte ikkje Alvoret og sovna.



Då kom det nokre soldatar for å arrestere Jesus. Ein av disiplane, Judas, viste soldatane kven Jesus var ved å kysse han på kinnet. Jesus blei arrestert. Han blei forhøyrte og mishandla gjennom natta til langfredag.

? Sjå på illustrasjonen side 6. Kva for ein av personane er Judas, trur du?

Ein *judas* er i språket vårt eit uttrykk for ein som forråder, ein som avslører eller fortel andre noko han ikkje skulle sagt. Ein forrædar er ein som sviktar, slik Judas svikta Jesus natt til langfredag.



## LANGFREDAG

Fredagen i den stille veka blir kalla langfredag og er ein heilagdag. I løpet av natta til langfredag blei Jesus dømt til døden. Han blei hengt på eit kors mellom to tjuvar. Eit mørke spreidde seg, og jorda skalv. Det siste Jesus sa på korset, var: «Det er fullført.» Det betyr at Jesus hadde gjort det Gud hadde bestemt han skulle gjere. Disiplane blei redde og flykta. Berre ein av dei blei igjen ved korset saman med Maria, mora til Jesus.

Jesus blei teken ned frå korset og lagt i ei grav i ei hule i fjellet. Framfor grava blei det plassert ein stor stein som blei forsegla med stempelet til keisaren. Soldatar stod vakt ved grava.

Langfredag har blitt rekna som den lengste dagen i kyrkjeåret. Frå gammalt av var dette ein sørgjedag, og folk flagga på halv stong slik skikken er når nokon døyr. I kyrkja er det gudsteneste, men då er det utan tende lys og blomar. Alt er stille og sorgtungt.

*Ein tjuv* er ein person som stel frå andre.

Å *forsegle* betyr å lukke igjen, stengje.





## PÅSKEDAG

Tidleg på den tredje dagen etter at Jesus var død, gjekk nokre kvinner til grava. Dei hadde med oljar og ville stelle den døde kroppen til Jesus. Då dei kom til grava, var steinen borte og grava open. Jesus var ikkje der. Ein engel fortalde at Jesus hadde stått opp frå døden. Kvinnene blei glade. Dei forstod ikkje alt som skjedde, men gjekk til disiplane for å fortelje om den tomme grava.

Påskedag er den viktigaste dagen i kristendommen. Det viktigaste i den kristne trua er at Jesus stod opp frå døden. I kyrkja er det gudsteneste med lys og blomar, fest og glede på påskedagen.

Frå gammalt av meinte folk at sola dansa av glede denne dagen. Fasta er over, og dagen blir feira med god mat. Nokre har skikk med å gi barna påskeegg fulle av godteri. Egg er symbol på liv og kraft. Det er tid for å feire oppstandelse og nytt liv.

Måndag etter påskedag er også en heilagdag og fridag i Noreg.

*Godteri* er søtsaker, for eksempel sjokolade.

## Ein påskesalme

I kyrkja 1. påskedag syng kyrkjelyden om at Jesus stod opp frå døden. Salmen blir brukt elles i kyrkjeåret også:

Andre ord på Jesus er *Kristus, Herre, Frelser*

Deg være ære, Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være Kristus underlagt.  
Lyset fyller haven, se, en engel kom,  
åpnet den stengte graven, Jesu grav er tom!

*Deg være ære, Herre over dødens makt!  
Evig skal døden være Kristus underlagt.*

Se, Herren lever! Salig morgenstund!  
Mørkets makter bever. Trygg er troens grunn.  
Jubelropet runger: Frelseren er her!  
Pris ham, alle tunger, Kristus Herre er!

Frykt ikke mere! Evig er han med.  
Troens øye ser det: Han gir liv og fred.  
Kristi navn er ære, seier er hans vei,  
evig skal han regjere, aldri frykter jeg.

*Tekst: Edmond L. Budry 1885, omsett til norsk av Arne Fjelberg 1947*



Altartavla i Hamar domkirke er måla av Henrik Sørensen i 1954. I midten er Jesus som nettopp har stått opp frå døden.



Nyhet:  
**NORSK START**  
8-10 KRLE

På elevnettsida  
til KRLE-boka ligg  
«SALMAR – EIN KULTURSKATT».  
Påskesalmen er nummer 9  
i denne musikkksamlinga, både  
med og utan vokal.

**ALLE KOMPETANSEMÅLA ER DEKTE I KORTE OG LETTFATTELEGE TEKSTAR.**

- Boka levandegjer faget.
- Tekstar og bilete engasjerer til refleksjon, samtale og diskusjon.
- Ord- og omgrepforklaringar i marg.
- Rikeleg med bilete som hjelper til i språklæringa og fagforståinga

Getty Images, iStock: s. 1, 2, 3, 4, 5ø.v., 6nh, 10n

NTB Scanpix: Håkon Mosvold Larsen s. 10

Illustratør: Rebecca Bang Sørensen

© Cappelen Damm AS 2017

Grafisk formgiving: Sandvik Design

Forlagsredaktør: Unni Wiel

Nynorsk omsetjing: Benedikte Grov

Biletredaktør: Unni Wiel

ISBN 978-82-02-56122-2

cdu.no

krle-nett.cdu.no